

# Personvernerklæring for Proled AS

## 1. Innleiing:

Kvar enkelts personvern er viktig for Proled AS og me er opptatt av å verne om personopplysninganes integritet, tilgjengelegheit og konfidensialitet. Behandling av personopplysningar i bedrifta skal til ein kvar tid følgje gjeldande lovgiving.

Denne personvernerklæringa gir informasjon om kva personopplysningar som samlast inn og kva rettigheter den enkelte har dersom ein har opplysningar registrert hjå Proled AS.

Hovudansvarleg for behandlinga av personopplysningane i Proled AS ligg hos dagleg leiar.

## 2. Behandling av personopplysningar:

Proled AS behandlar personopplysningar om tilsette, tilsette hos kundar, leverandørar og andre personar av interesse. Bedrifta behandlar også informasjon om personar som ikkje er tilsett direkte eller engasjert av Proled. Opplysningane vert nytta til anskaffing, kommunikasjon og rekruttering.

Personopplysningane Proled nyttar seg av vert i stor grad gitt direkte av personen sjølv eller av kundar og samarbeidspartar i oppdrag. Informasjonen kan også hentas inn frå telefonkatalogar på internett eller frå arbeidsgjeverens heimeside.

## 3. Informasjonen Proled samlar inn og lagrar:

- Kontaktinformasjon
  - o Namn, telefonnummer og e-postadresse
- Detaljer om arbeidserfaring
  - o Utdanning, kvalifikasjonar og tidlegare arbeidshistorikk
- Opplysningar om samarbeidspartar
  - o Personar i relevante stillingar, moglege kontaktpersonar

## 4. Formålet med behandlinga av personopplysningane:

- Sal og marknadsføringsaktivitetar i form av direkte e-post og telefonkontakt
- Kundebehandling og informasjon om våre tenester
- Korrespondanse i form av direkte e-post eller telefonkontakt i tidlegare, pågåande eller framtidige prosjekt/oppdrag.

## 5. Varighet på behandling av personopplysningar:

Proled oppbevarer personopplysningane så lenge det er naudsynt for å ivareta kunde-/samarbeidsforholdet. Og/eller for å oppfylle lovpålagte plikter i henhold til regnskapsloven.

## 6. Tilgang til personopplysningar:

Personopplysningar vil bli nytta internt i Proled til legitime og oppgeve høve. Dette i samsvar med relevant lovgiving. Enkelte opplysningar vert også delt med Tripletex i forbindelse med Proleds virke. Tripletex og Proled har ein databehandlingsavtale som følgjer lovgivinga.

## 7. Lagring av personopplysningar:

Personopplysningar behandla av Proled AS vert lagra på server i Norge og vert ikkje delt med land utanfor EU/EØS.

## 8. Rettar

Du har rett til innsyn, korrigering og/eller sletting av personopplysningar. Du har også rett til avgrensing av behandlinga som omhandlar deg sjølv, eller til å protestera mot behandlinga samt rett til dataportabilitet.

Vidare kan du til ei kvar tid trekka tilbake eventuelle samtykker til behandling av dine personopplysningar.

Dersom du meiner at me behandlar personopplysningar i strid med lovverket, ynsker me at du tek kontakt med oss (amund@proled.no).

Du har også moglegheit til å klaga direkte til Datatilsynet (post@datatilsynet.no).